

Handlingsrettleiar BTI



Høyanger kommune

Vaksentenestene

Fastlegane, psykisk helsevern, fysio / ergo,
heimetenestene,

NAV inkl. rusteneste og flyktningeteneste

BTI består av fire prosessar

Identifisere
brukar eg er
bekymra for

Nivå 0

Teneste-
internt
tiltaks-
arbeid

Nivå 1


Enkelt
tverretatlig
samarbeid
med to
involverte
tenester

Nivå 2

Komplekst
samarbeid
med fleire
involverte
tenester

Nivå 3

BTI-MODELL



Nivå 0 (Vaksentenestene)

Ved mistanke om vald/overgrep skal saka meldast direkte til Barneverntenesta.

Avslutte



Ta ei avgjerd



Kartleggingssamtale



Konkretiser og del bekymringa



Undring og observasjon

Nivå 0

Kva: Ta ei avgjerd på om det skal settast i verk tiltak internt, om saka skal involvere andre tenester eller om saka kan avsluttast. Vurdering og konklusjon skal dokumenterast. Gå evt vidare til nivå 1, 2 el 3
Korleis: Vurdere den informasjonen du har om barnet sin situasjon
Kven: Den enkelte tilsette, evt i samråd med leiar. Stafetthaldar , dvs den som er ansvarleg fagperson vert navngjeven, og har ansvar for framdrift og konklusjonar.
Verktøy: Det samla informasjonsmaterialet du har tilgjengeleg, internt dokumentasjonssystem.


Kva: Skaffe ei heilskapeleg oversikt over situasjonen
Korleis: Kartleggingssamtale med brukaren / pasienten der barnet sin situasjon er tema
NB: Ved mistanke om vald eller overgrep skal saka meldast direkte til barneverntenesta
Kven: Den enkelte tilsette og evt leiar.
Verktøy: Hjelpespørsmål ved kartlegging av barn som pårørande
Bekymringsmelding barneverntenesta.

Kva: Kva er blitt sagt eller gjort som gir grunn til bekymring. Konkretiser risikofaktorar. Bekymringa skal delast med den det gjeld, og evt. med næraste leiar.
Korleis: Still konkrete spørsmål kring situasjonen. Vurder risiko og beskyttelsesfaktorar.
Kven: Alle tilsette
Verktøy: Observasjonsskjema, Mal på undringssamtale

Kva: Har brukaren /pasienten omsorg for barn? Ver proaktiv med tanke på barn som pårørande. Er det tilhøve kring den vaksne, livssituasjonen eller barnet som gjev grunn til bekymring? Uttrykkjer den vaksne sjølv uro / bekymring for borna sine? Livssituasjonen? Utgjer livssituasjonen ein risikofaktor for borna i familien? Undring krev ingen svar eller konklusjonar på spørsmål.
Korleis: Kva er det ved situasjonen som gjer deg bekymra ? Faglege vurderingar, kunnskap om risikofaktorar, observasjonar. Dokumenter vurderingane dine i eige fagsystem.
Kven: Alle tilsette, føresette sjølve.
Verktøy: Signal på mistrivsel hos barnet , Bekymringskala vedr barn og unge , Bekymringskala vedr foreldre , Beskyttelses- og risikofaktorar

Nivå 1

Ved mistanke om vald/overgrep skal saka meldast direkte til Barneverntenesta.



Kva: Evaluere tiltaka. Vurdere om det er behov for ytterlegare tiltak internt eller samarbeid med andre ternester. Barnehagen? Skulen? Helsestasjonen /skulehelsetenesta? PPT? Barneverntenesta? Andre vaksentenester? Helse og omsorgstenester? **Tiltaksversikta** kan vere til hjelp. Er privat nettverk ein aktuell ressurs?
Korleis: Evaluering og avgjerd vert gjort i møte med brukaren, evt også saman med partner/ born/ungdomen
Kven: Stafettholdar kallar inn og gjennomfører evalueringsmøte med brukaren og andre involverte etter avtale i kvar enkelt sak.
Verktøy: Tiltaksversikt, oversikt samhandlingsarenaer

Kva: Avtalte tiltak vert gjennomført på aktuell arena og evt i heimen
Korleis: Innsatsen vert dokumentert i internt dokumentasjonssystem
Kven: Stafetthaldar sikrar gjennomføring og dokumentasjon.
Verktøy: Internt dokumentasjonsverktøy

Kva: Inviter føresette til samarbeidsmøte der bekymringa kring barnet / ungdomen vert lagt fram
Korleis: Førebu møtet **etter intern mal?**. Samarbeid med føresette / evt barnet / ungdomen om kva som er naudsynt for å betre situasjonen. Gjennomføring: Sjå mal for samarbeidsmøte. Avtal tid for evaluering. Dokumenter.
Kven: Stafetthaldar, evt. i samarbeid med leiar og andre som ha ei rettleiande rolle. Avklar på førehand med føresette.
Verktøy: 1) Den nødvendige samtala 2) Intern møtemal 3) Samtykkeskjema

Kva: Gjennomgang av faktorar som gjev grunn til uro /bekymring. Risiko og beskyttelsesfaktorar. Stafetthaldar, brukaren, evt saman med partner/ barnet / ungdomen har ei felles forståing for kva ein skal samarbeide om.
Korleis: Drøfte problemstillinga, ha sakleg og fagleg argumentasjon for uroa / bekymringa.
Kven: Stafetthaldar, evt i samarbeid med leiar og andre relevante partar
Verktøy:

Nivå 2 (Vaksentenes)

Ved mistanke om vald/overgrep skal saka meldast direkte til Barneverntenesta.

Ta ei avgjerd:
Avslutte eller fortsette på
nivå 1, 2 eller 3?

Evaluering

Kva: Evaluering av familien sin situasjon, og dei tiltaka som har vore sett i verk. Vurder saman med brukaren evt saman med partner / barnet/ ungdomen om det trengs andre samarbeidspartar, eller om ein fortset innsatsen på nivå 2, med dei to involverte tenestene og heimen.

Korleis: Evalueringssamling

Kven: Stafetthaldar koordinerar.

Verktøy: Samtykkeskjema, Tilmeldingsskjema PPT, Tilmeldingsskjema ergo/fysio, Bekymringsmelding til barneverntenesta, tiltaksoversikt, oversikt samhandlingsarenaer, mal for samarbeidssamling, tiltaksoversikta, oversikt samhandlingsarenaer.

Tiltak

Kva: Samordna tiltak vert sette i verk. Tiltak og ansvar er tydeleg definert i møtereferat. Innsatsen vert dokumentert i eigne fagsystem.

Kven: Kven som har ansvar for kva er tydeleg definert i møtereferat. Stafetthaldar koordinerer samhandlinga.

Opprette kontakt med
teneste

Kva: Gjennomføring av samarbeidssamling

Korleis: Definer problemstilling, mål og tiltak, ansvar og oppgåver. Avtale dato for evalueringssamling. Stafetthaldar dokumenter samhandlinga i møtereferat som blir sent ut til alle involverte partar. Dei ulike tenestene har sjølvstendig ansvar for å kvalitetssikre eigen innsats knytt til problemstillinga.

Kven: Stafetthaldar, evt i samarbeid med andre relevante partar

Verktøy: mal for samarbeidssamling

Involver ny teneste

Kva: Kall inn til samling med brukaren og ny aktuell teneste

Korleis: Møteinnkalling..

Kven: Stafetthaldar har ansvar for møteinnkalling, møteleiing og referat.

Verktøy: bekymringskala barn, bekymringskala føresette, skjema over beskyttelsesfaktorar og risikofaktorar, mal for samarbeidssamling, samtykkeskjema.

Nivå 2

Nivå 3 (Vaksentenestene)

Ved mistanke om vald/overgrep skal saka meldast direkte til Barneverntenesta.

Ta ei avgjerd:
Avslutte? Fortsette på nivå
1,2 el 3?

Evaluering

Tiltak

Tverrfagleg møte

Involvere fleire aktuelle
tenester

Nivå 3

Kva: Evalueringssmøte

Korleis: Stafetthaldar kallar inn og leiar møtet i samarbeid med brukaren og evt familie. Evaluering av tiltak frå dei ulike tenestene. Vurdering av vidare tiltak. Avtal kven som skal vere stafetthaldar vidare. Avtal nytt møte dersom samarbeidet skal fortsette. Avklar nivå 3,2 eller 1. Stafetthaldar skriv møtereferat og sender dette til alle involverte partar.

Kven: Stafetthaldar koordinerer samarbeidet. Avgjerder vert tekne i samarbeid med brukar og dei andre involverte tenestene.

Kva: Avtalt innsats vert set i verk. Aktuelle tenester gjennomfører sine utgreiingar og tiltak og dokumenterer dette i eige journalsystem

Kven: Fagpersonar frå dei ulike tenestene

Verktøy: Interne faglege verktøy

Kva: Gjennomføring av samarbeidssmøte med fleire involverte tenester. Aktuelle tenester planlegg vidare tiltak i samarbeid med brukaren evt med familie.

Korleis: Definer problemstilling, mål, tiltak, ansvar og oppgåver. Avtal tid for evalueringssmøte. Skriv møtereferat og send til alle involverte partar.

Kven: Stafetthaldar koordinerar samarbeidet. Stafetthaldar leiar møtet. Stafetthaldar og brukaren evt saman med familien presenterer problemstillinga. Fagpersonar frå aktuelle tenester er ansvarlege for sine områder. Kven som vert stafetthaldar vidare vert avgjort i møtet.

Verktøy: Mal for samarbeidssmøte

Kva: Opprette kontakt og starte samarbeid med dei tenestene som har relevant kompetanse for problemstillinga

Korleis: Inviter til tverrfagleg møte med dei nødvendige tenestene.

Kven: Stafetthaldar kallar inn til møte etter samtykke med brukaren.

Verktøy: Tiltaksversikt, samtykkeskjema